

Kyrjeklokka

Nr 1 - 2014

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

78. årgang

Ung Messe før påske og Medarbeidarfest i regi av Trusopplæringa
Torsdag 3. april i Nordsida kyrkje og fredag 4. april i Olden kyrkje.

Påskefortellinga Maria påske vert preika i denne gudstenesta. I tillegg vert det song, bøn, nattverd.
Sett av datoen alt no, dette vert verdt å få med seg! *sjå side 2*

***Nordsida
kyrkje
Ung og
sprek
40-åring***

*side
8*



***Frivillig-
prisen 2013
til Indre
Nordfjord***

siste sida

***Andakt og intervju av
nyepresten i Stryn***

side 2 og side 10



Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

sjå side 7

God stemning på Utvikfjellet

side 4



Jesus openberring

Av Knut Gjengedal
sokneprest i Stryn
prestegjeld

I skrivande stund er vi i openberringstida i kyrkjeåret. Jesus openberrar seg på ulike måtar i evangelietekstane i denne perioden i kyrkjeåret. Jesus openberrar (synleggjer) Guds herlegdom og makt. Jesus møter ulike menneske i ulike situasjonar og gir dei det dei treng. Jesus viser oss kven Gud er og at Gud har omsorg for menneska – ja for kvar einskild. Menneska vert sett og elska av Jesus.

Du er også sett og elska av Jesus. Han veit akkurat korleis du har det og han har noko å gje deg. Eg trur han spør deg: Kva vil du at eg skal gjera for deg? Det spurde han ein gong ein blind tiggjar og Jesus gav han det han trong. Kva treng du? Du kan fortelje det til Jesus. Han ser deg og elsker deg. Han kjenner deg betre enn du gjer sjølv. Han er den einaste som kan gje deg «fred med Gud». Med sitt eige blod, som rann frå krossen, har han forsona oss med Gud. Han kan gje deg «fred i hjartet» og du kan vere med på å skape fred mellom menneska.



”Du er også sett og elska av Jesus. Han veit akkurat korleis du har det og han har noko å gje deg.”

«Sæle dei som skapar fred, dei skal kallast Guds born,» seier Jesus i Bergpreika (Matteus 5, 9) «Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!» (Joh. 14, 27) seier Jesus i si avskilstale til læresveinane sine og apostelen Paulus legg også vekt på fred i brevet sitt til kyrkelyden i Filippi: Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus. (Fil. 4,7)

Og vi som har fått oppleve Guds fred har eit ansvar og ei oppgåve å bringe denne freden ut i verda: «Fred med Gud», men også «mellommenneskeleg fred». Det siste trengst i ei verd prega av krig og uro, og i skrivande stund er det i ferd med å verte borgarkrig i Ukraina. Lat oss halde fast med å be, slik kyrkjebøna formulerar det: *Gjev fred på jorda*

og fred i hjarto. Gjev alle statsmenn vilje og visdom til å fremja rettferd og fred, og lat samarbeidet mellom folka ha framgang. Hald di vernande hand over alt du har skapt....»

Pax Domini! Guds fred!

Medarbeidarfest i regi av Trusopplæringa.

**Torsdag 3. april og fredag 4. april
Nordsida kyrkje og Olden kyrkje**

Du er gull verdt, du som er med som frivillig i barne og ungdomsarbeid. Både du som fast er med på ei av dei mange samlingane i kor, speidar, klubb osv, og du som innimellom seier ja til å hjelpe til med spesifikke oppgåver når born og unge inviterast til eit trusopplæringsprosjekt i kyrkja. Utan DEG hadde vi ikkje fått til alt det kjekke som skjer rundt i bygdene våre! Torsdag 3. april og fredag 4. april inviterer vi difor til medarbeidarfest for alle frivillige i barne og ungdomsarbeidet i indre Nordfjord. Torsdag 3.4 vert det samling i Nordsida kyrkje og fredag 4.4 i Olden kyrkje! Etter god mat, prat og inspirasjon får vi med oss Ung Messe med Marias påskeframsyninga.

Helsing trusopplæringsutval og stab

Årets konfirmasjonsgåve?

Lurer du på kva du skal gi konfirmanten i år? Kva med å gi konfirmanten eit bidrag til KonfAction 2014? For tredje gong reiser vi på Norges største konfirmantleir KONFACTION 2014.

Arrangerast 20. - 24. juni 2014



Sagt av Stryningar i fjor!

«Beste minne frå konfAction var når alle frå Stryn samla seg i partyteltet og song, snakka og hadde det kjempe koseleg».

«Det beste var møta, der var det masse liv, morsame innslag og fine songar!»

«Eg anbefaler å reise fordi det er ei oppleving for livet!»

«4 kjekke dagar der du får drive med favorittidretten din, eller prøve deg på ein heilt ny aktivitet»

Kva er KonfAction?

Ca. 1000 konfirmentar og 300 leiarar og instruktørar samlast til 4 dagar med aktivitetar, møte, bibeltimar, godt fellesskap, vener, nye vener, campingliv, bading i Bø Sommerland mm. Alle deltakarane vel på førehand aktivitet dei vil delta på.

Her kan dei velje mellom alt; fotball, friluftsliv, sandvolleyball, sportsfoto, frisbee, Longboard osv.

Her gjeld fyrste mann til mølla, aktivitet veljast ved påmelding!

Kva kostar det?

Samla pris blir ca kr 2600.

Dette inkluderer ma:

Reise t/r Stryn- Bø i Telemark, Overnatting, Aktivitetar m/instruktør, Badeland 4 kveldar, Middag, Transport til/frå aktivitetane, Møte og Miljøtorg.

Dersom du har spørsmål, ta gjerne kontakt, eller sjå <http://www.krik.no/konfaction>

Korleis melde seg på?

Espen Berge

Reiseleiar på KonfAction 2014

Tlf 970 34 451 E-post: espeber@student.hist.no

Beate Nes

Kateket

Tlf 57 87 48 12 E-post: beate.nes@stryn.kommune.no



NMS-Nordfjord har Områdestemne/

Årsmøte

søndag 6.april 2014 i
Totland kyrkje, Bryggja
og Samlingsheimen
Almenning

11.00: Misjonsgudstene-
neste
v/Ingvald A. Frøyen og
Asbjørn Gjengedal
13.00: Middag
14.30: Årsmøte for NMS-
Nordfjord
16.00: Misjonsfest
Festtale v/Ingvald A.
Frøyen

Påmelding til middag (kr.250.-) til
Elin Ytrehorn: 57879497/48119282 eller
Jorunn M. Totland 57853110/94255953
Innan onsdag 2.april

God stemning på Utvikfjellet

Latter og god stemning blanda med konkurranse, lovsong, god mat, bønnevandring og eit godt fellesskap viste seg nok ein gong å være oppskrifta på den ultimate helga!

Etter lang planlegging og utsetting av dato var det 24-26 januar endelig klart for MittKurs. Ti 15-åringar og 4 studentar frå Oslo og Trondheim var klar for ei uforgløyemeleg helg, der vi fekk eit utruleg bra fellesskap, og lærte meir om Jesus og oss sjølv. I utgangspunktet var vi 5 leiarar som planla MittKurset, men eine leiaren vart dessverre sjuk og kunne ikkje være med på kurset.

Fredagskvelden vart vi godt saman rista, gjennom fleire "bli kjent-leikar". Henrik fortalte oss korleis Gud ønskjer å ha et forhold til oss, ikkje berre etter døden, men her i livet! Han delte med gruppa korleis han sjølv hadde erfart dette. Kvelden gikk ut i nattetimane med masse spill og moro, noe som utsette frukosten til halv 11 på laurdagen. På laurdagen lærte vi om korleis ein som kristen må stole på Jesus som døydde for våre synder. Snø+båltur+frisk luft+presening=GOD STEMNING! På kvelden hadde vi storslått besøk av leiinga i Roverlaget i Stryn (Rolf Olav, David og Kristin), dei viste film frå fjorårets «Oppdrag 24», som også blir arrangert i juni 2014! Alle hadde vært med å planlagt og forberedt ein topp kveld med Tacofest, lovsong, bønnevandring og «Vinn på Minute». Søndag morgon trur eg vi alle satt igjen med mange gode minner og ønsket om at turen ikkje skulle ta slutt.


Takk for at vi fekk dele denne helga med dere, vi storkoste oss saman med dere. Maken til triveleg gjeng skal ein leite lenge etter! Vi gleder oss til å reise på tur med dere igjen!

Helsing Leiarane: Espen, Ole Andre, Oda, Henrik og Heidi



*God stemning på tur:
f.v. Oliver, Cathrine,
Sigurd og Espen*

*Laurdagen var det
langbord og taco
på menyen*



*F.v. Cathrine, Elise
og Henrik*



*F.v: Kristine, Sigurd, Espen, Heidi, Cathrine, Henrik, Ane,
Elise, Siri, Oliver, Emilie, Otelie og Olin. Oda tar bildet.*

Kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar
I Hornindal og Stryn kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik
6788 Olden, tlf 57 87 33 85
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 – 12
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf 57 87 98 33
Mobil 942 76 335
Vikarprest Sigurd Stige
sokneprest@hornindal.kommune.no

KYRKJEVERJER**Stryn kommune**

Lise Katrin Hetle
Tlf 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
lise.hetle@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Kontortid:
Måndag og torsdag 09 – 14
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Nyoppretta Facebookside: ”Kyrkjene i Indre Nordfjord

<https://www.facebook.com/strynkyrkja>


Sida er meint å fungere som eit supplement til nettsida www.stryn.kyrkja.no, og vil særskilt forenkle informasjonsflyten og nettverksbygging for dei som jobbar med trusopplæring, enten det er tilsette, sokneråd eller frivillige –og forhåpentlegvis gjere oss meir tilgjengelege for målgruppene; ungdommar/konfirmantar og foreldre, t.d.

Vi vil sjølvsagt respektere at ikkje alle personar set pris på å få bilde av seg sjølve publisert på Facebook, slik at alt bildemateriale som vert nytta på denne Facebooksida vil sjølvsagt vere etter avklaring med den som er fotografert. Bilete frå offentlege arrangement vil kunne bli nytta der det ikkje er nærbilete av ein eller fleire personar, men eit oversiktsbilete –i så fall vil ikkje det bli innhenta nærare tillatelsar. Ved nærbilete skal det alltid innhentast tillatelsar frå den/dei som er avfotografert. Dersom dette gjeld barn/

Administratorar for sida er per dags dato kyrkjevevjerje, kateket og kyrkje-lydspedagog.

Initiativtakar til sida er kateket Beate Nes, som seier at Facebooksida vil vere eit viktig arbeidsverktøy i hennar jobbkvardag. Her vil ho vise glimt av aktivitet som har vore og marknadsføre komande hendingar.

ungdom skal foresatte forespørjast. Sida vil såleis respektere allmenne retningslinjer for personvern. Sensitiv/personleg informasjon vil ikkje bli publisert av administratorane. Sida aksepterar ikkje mobbing: Eventuelle innlegg av krenkande karakter (t.d. mobbing) vil bli fjerna av administratorane.

**Til dei som abonnerar på Kyrkjeklokka**

Dersom nokon ikkje har fått ei utgåve av Kyrkjeklokka eller om det er nokon som ynskjer eit ekstra nummer av bladet, t.eks. at det er fleire husstandar i same huset, gjer vel å ta kontakt med *John Selmer Skiftesvik*. Tlf 57 87 33 85/e-post: john.skiftesvik@eninvest.net. Det same gjeld dersom du endrar postadressa di.

Kvinner i Nettverk har konferansehelg

Misjonsheimen, Innvik 21-23 mars 2014

Talarar vert Annie Schaug og Mary Monsen

Tema er ”For at fangar skal få fri-dom!”

Lovsongarar frå Ålesund Vineyard

Mer info: <http://www.kvinnerinettverk.no>

Arr: Kvinner i Nettverk, Sogn og Fjordane

Kontaktperson: Kari Runde



—
Av
Jon
Ytrehorn

Ein folkefest ved Eidsvollsbbygningen søndag 16. februar markerte opninga av Grunnlovsjubileet 2014. Det var på dagen 200 år sidan innbydinga gjekk ut om samling på Eidsvoll for å starte arbeidet med å meisle ut ei grunnlov for kongeriket Noreg. Festen, som vart send på fjernsynet, vart opna av kong Harald. Han sa m.a.: "Eidsvoll er ikkje berre ein historisk stad. Eidsvoll er vogga for det norske demokratiet!"

I månadene framover kjem vi til å bli minte om dette. Det er godt, for vi treng det. I dag er det ein flaum av impulsar og inntrykk som svirrar rundt oss og fangar merksemda vår. Det blir lite tid til å lære meir om personar og hendingar i fortida som har forma tida vi no lever i. Vi blir historisk nærsynte, framande for vår felles fortid. Derfor treng vi eit jubileum som kan hjelpe oss til å sjå attende og hente kunnskap om utviklinga av nasjonen Noreg.

Omstenda knytta til korleis grunnlova kom i stand er både spennande og spesielle. Gjennom grunnlova fekk landet vårt ein sjølvråderett som var heilt unik for ein nasjon underlagt ei anna statsmakt, i dette tilfelle Sverige. Interessant er det også å lese om den aktive rolla som kyrkja fekk ha under utarbeidinga av grunnlova. Men her møter vi også ein skamplett. Etter å ha slått fast at Den evangelisk lutherske re-

Her er ikkje jøde eller grekar,
her er ikkje slave eller fri,
her er ikkje mann og kvinne.
De er alle ein i Kristus Jesus.
Paulus i Galatarbrevet 3,28

Tankar langs vegen...



Grunnlov – fridom og ansvar

*"Ein fridom
som ikkje blir følgd opp av personleg
ansvar vil som konsekvens føre til sosial, moralsk og
åndeleg forvitring hos eit folk"*

ligion forbliver Statens offentlige religion stod det i paragraf 2: "Jesuitar og Munke-Ordener må ikke taales. Jøder ere fremdeles utelukkede fra Adgang til Riket." Det er sagt om den norske grunnlova at ho var banebrytande for utviklinga av demokratiet, men samstundes den mest jødefiendtlege i Europa. Først i 1851 vart jødeparagrafen fjerna. Paragrafen vart innført igjen av Quisling i 1942 og varte krigen ut. Full trus- og religionsfridom kom så seint som i 1964!

I dag har landet vårt eit knippe menneskerettar som mange andre nasjonar berre kan drøyme om: Trus- og religionsfridom, tale- og trykkefridom, møte- og forsamlingsfridom, fridom til å starte politiske parti osv. Vi tek desse rettane som sjølvsegde. Men det er dei ikkje. Tenk berre på land som Syria, Somalia, Sør-Sudan og no sist Ukraina. Landa er tragiske døme på nasjonar utan demokratisk tradisjon der folkegrupper sin kamp for rettar fører til blodbad fordi

makthavarar klamrar seg til makta og grip til våpen når dei kjenner posisjonen sin truga.

Vi har fridom, vi har fred og vi har velferd for dei aller fleste. Men det er grunn til å spørje: Har den materielle veksten gjort oss meir lukkelege? Har ikkje vår materielle rikdom ført til eit stadig sterkare krav etter å få meir? Har vi gløymt at fridom må følgjast av personleg ansvar? Kvifor er våre politiske parti framfor stortingsvala så einsidig opptekne av å love stadig nye velferdsgode til oss veljarar, men teier om dei forventningar og krav som også eit demokrati må stille til sine borgarar? Kvifor tenkjer vi så lett når vi møter utfordringar: Dette må det offentlege ta seg av! Eg skulle ynskje at vi oftare kunne bli minte om og utfordra til å ta ansvar som viser seg i handling. Då ville vi og bli meir takksame for det vi har. Fridom forpliktar. Ein fridom som ikkje blir følgd opp av personleg ansvar vil som konsekvens føre til sosial, moralsk og åndeleg forvitring hos eit folk!

Kanskje må det kome nokon utanfrå som kan minne oss på dei umis-sande verdiar vi har. Slik Ayesha Wolasmal, student og journalist, gjorde det i talen under folkefesten på Eidsvoll. Ho fortalde gripande

Husk: I politikken er det aldri vakum. Hvis de positive og byggende krefter trekker seg tilbake og blir fraværende i det politiske liv, blir det ikke vakum og stillstand. Da overtar motkreftene, de destruktive. Derfor: La din røst høre! La din stemme telle!

Frank Aarebrot i talen om grunnlova i Hornindal Folkeakademi 7. februar.

om familien som i 1987 flykta til Noreg frå forfølging og tortur på grunn av artiklar som far hennar - redaktør av ei avis Afghanistan - hadde skrive. Ho avslutta slik:

”Jeg er et produkt av det mangfoldige Norge som noen kloke menn på Eidsvoll dannet grunnlaget for, nøyaktig for 200 år siden. Takket være det inkluderende Norge kunne jeg, datteren av en politisk flyktning, stå på samme scene som selveste kongen her på Eidsvoll og dele mine innerste tanker med hele det norske folk. Det er dette Norge jeg er stolt av å tilhøre!

Gripande var også talen til funksjonshemma Marte Wexelsen Goksøyr : ” Vi har en teknologi som kan oppdage om barn har Downs syndrom før de blir født. Det resulterer i at nærmere 90 % av norske kvinner som får påvist Downs syndrom hos fosteret tar abort. Er noen mennesker mer verdifulle enn andre? Vil vi ha et sorteringssamfunn hvor vi dyrker det perfekte, hva nå det er, og fjerner de vi mener er uønskede? Alle mennesker har like stor verdi. Jeg har selv Down syndrom: Jeg er ikke syk. Jeg har et ekstra kromosom, og jeg vil leve!”

Bak dei mange rettane og fridomane Noreg har fått gjennom dei siste generasjonane ligg ein berande tanke: Mennesket si verdigheit. Det er ein sentral bodskap i Bibelen at alle menneske er skapte av Gud. Han har gitt alle same verdi og verdigheit. (Salme 8). I eit samfunn som byggjer på demokrati og rettsvern er det nødvendig at vi følgjer dei lover som gjeld for nasjonen. Skjer ikkje det, ventar anarkiet. *Men eit samfunn som tek menneskeverdet på alvor vil og måtte vise det gjennom haldningsskaping og aktivt arbeid for å verne om livet! Også det veikaste av alle liv: Det ufødde.*

Gode vener av Cochabambabarn!

<http://www.cochabambabarn.com>
kontonummer 3347.20.08329

November månad har kome her i nord med haustmørke og våte dagar hjå nokon av oss. I Bolivia er det snart sommar og ferietid. Kontrastane er store mellom Norge og Bolivia i klima og ikkje minst i materielle godar. Vi er og ulike i korleis vi møter kvarandre og kva vi er opptekne av. Eg skulle ønske at fleire av våre gode støttespelerar hadde fått gleden av å møte desse rause, smilande bolivianarane, opplevd å bli kyssa av mødrene og overstrødd av blommar som ungane finn langs vegen. Varmen frå desse har smelta mange hjarte hjå oss her i nord.

Olga er flink til å senda informasjon om arbeidet. Ho og medarbeidarane med Carolina og Rosa i spissen, arbeider trufast for å gi barna ein betre kvardag.

Det er meir enn 150 barn som dei skal nå fram til med å sjå dei, høyra dei, hjelpe dei med lekser, gje dei mat og oppmuntre i ein kvardag som kan vera krevjande på mange måtar. I haust har dei hatt

eit stort prosjekt som dei kallar Bibel-festival. Dei har lagt ned mykje arbeid og avsluttar med ein fest der barna får opptre og vise til andre kva dei har lært. I år har Olga hatt mykje kontakt med barnevernet for å få flytta ein søsken-

flokk inn på barneheim. Dei har hatt ein svært vanskeleg oppvekst og bur nå hjå ei gamal bestemor som ikkje har helse til å ta seg av dei. Vi håpar at barnevernet snart skal godkjenne flytting. Vi beundrar Olga for tolmodet ho har i dette arbeidet. Ho gir ikkje opp og klarer som regel å få gjennomført det ho har tru på er det beste for barna.

Vi er i gang med ein juridisk prosess i Bolivia for å legalisere «Vida y Esperanza» («liv og håp», som er det bolivianske namnet på prosjektet). Til no har vi vore organisert i «Doxa» som har fleire liknande prosjekt under seg. Det er viktig for dei tilsette at vi blir ein eigen juridisk organisasjon for å sikre at alt er i tråd med boliviansk lovverk. Det er ein lang prosess men no er styret

valt, og vi har ein advokat som arbeider med dei nødvendige dokumenta. Takk til alle for det som blir gitt for at desse barna våre skal få eit betre liv. Kostnadsnivå i Bolivia har auka mykje det siste året og

vi hjelper stadig fleire familiar. Vi ser at vi må ha inn meir pengar viss vi skal halda hjelpearbeidet på det nivå vi har no. Vi er takknemlege for kvar og ein som vil bidra.



Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

8. april går Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon av stabelen. Då kjem bøsseberarar frå kyrkjene våre til alle husstandar. Pengane går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda. Då har du høve til å gjere noko med uretten og nauda vi ser. Hugs å ta ut kontantar, ta vel imot bøsseberarane og støtt opp om Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2014!

Helsing Gunnhild Bergset KN-kontakt i kyrkjelydane i indre Nordfjord

Nordsida kyrkje Ung og sprek 40-åring

- tekst og foto Gunnhild Sindre -

Nordsida kyrkje sin 40-årsdag vart feira med festkveld og gudsteneste. - Kyrkja vi fekk har prega bygdene våre i 40 år, sa Odd Nygård då han ønskte velkomen til festkvelden, laurdag 7. desember 2013. Festkvelden vart fylgt opp med festgudsteneste dagen etter, der vi fekk servert ma. song av Nordsida barnegospel.

40-årsjubilanten Nordsida kyrkje er ung og sprek, og festkvelden vart mykje nytta til å minne om alt det arbeidskyrkja har romma opp gjennom åra. Alv O. og Agnete Bergset fortalde om historia bak kyrkja fram til vigslingsdagen, eit interessant tilbakeblikk med mange detaljar og ein del humoristiske poeng oppi alvor. Ein film frå vigslingsdagen vart også vist. Arne M. Sølvberg har som komponist hatt fleire urframføringar i Nordsida kyrkje, og spela tre av dei vakre lydar-slåttane sine under festkvelden. - Kyrkjelyden set stor pris på at du har komponert musikk til kyrkjelege handlingar, understreka Odd Nygård. Emma Nygård Sætren bidrog også mu-



Emma Sætren Nygård song vakkert



Jon Ytrehorn ved sida av den nye prosesjonskrossen

sikalsk på festkvelden med ei nydeleg tolking av «Himlen i min favn». Ho er konfirmant i jubileumsåret og dotter av ei av dei første som vart døypte i kyrkja.



Odd Magne Nygård og Gunnhild Bergset viser Norgeskartet med oversikt over kvar teiknebretta har hamna

Mangfald og breidde

Alvhild Almenning, Gunnhild Bergset, Ottar Ulvedal, Kirsten Lønne og Aslaug Håøy Nygård fortalde om den store breidda av aktivitetar og prosjekt kyrkjelyden har drive med i desse 40

åra. Det er ikkje lite: Barnehage, kyrkje-ring, julemesser, kyrkjelydsbasar, 1-2-3-klubb (tilknytta KFUK/ KFUM), misjonsklubb, barneforeining, søndagsskule, ungdomsklubb, onsdagstreff med middagstilbod, barnegospel, diakoniarbeid, seniortreff, misjonsprosjekt, naustmesse og «grøn kyrkjelyd». Eitt av prosjekta som har vekt merksemd langt ut over soknegrensene er teiknebretta.

- Idéen om teiknebrett kom då vi sjølve hadde små born som var med i kyrkja, fortalde Odd Nygård. Sokneprest Øystein Frivold likte idéen og ville gjerne ha teiknebretta. Magne V. Kristiansen teikna motiv frå Bibelen til heile kyrkjeåret, og modellen vart utprøvd også i Oslo og andre stader. Stryn KFUK/ KFUM laga bretta, som vart ein stor suksess. Snart var teiknebrett frå Nordsida kyrkje rundt i heile landet, over 200 kyrkjelydar har nytta disse bretta.

Kross i gåve

Ein førtiåring må også få ei gåve. - Dette gjer vi på Disney-vis, «from all of us to all of you». Ei gåve til oss sjølve, sa leiar av Utval for inventar og utsmykking Knut Gald, som presenterte jubileumsgåva: Ein prosesjonskross til bruk under kyrkjelege handlingar. Krossen er i furu, med glaskunst og metall. Krossen er designa av Magne V. Kristiansen, Hege Heggheim Ulvedal har laga glaskunsten, Stryvo har laga metalldelene og Jens Rauschenbach har



Oddvar Bergset på orgel og Arne M. Sølberg på fløyte

laga alt i tre.

Ein del av midlane til krossen kjem frå offergåva frå avskjedsgudstenesta for sokneprest Jon Ytrehorn, som ønskte at gåva skulle gå til dette føremålet.

Jon Ytrehorn sjølv har gjort teneste i kyrkja i 35 år, og heldt ei varm og engasjert helsing til jubilanten.

- Eg har vore privilegert som har fått gjere teneste i dette prestegjeldet, og det har vore fantastisk å sjå og oppleve kva breidde det har vore i denne kyrkja, både når det gjeld organisasjonar, gene-



Kirsten Lønne fortalde om nokre av aktivitetane som har vore i kyrkja

rasjonar og aktivitet, sa Ytrehorn, som la til at det var ei lukke for alle at denne kyrkja vart ei arbeidskyrkje.

Han avslutta med ei helsing frå kateket Beate Nes: Diktet «Min kirke» av Torhild Moen.

- I diktet står det «i min kirke er det godt å være». La Nordsida kyrkje også i framtida bli ein stad der det er godt å vere, avslutta Ytrehorn.

Rodde til Innvik og Utvik

Fjelli krins, saman med nesten heile Randabygda høyrde i tidlegare tider til Utvik kyrkje og Utvik sokn, medan krinsane Blakset, Robjørgane, Sætren, Faleide og deler av Markane høyrde til Innvik kyrkje og Innvik sogn. Robåtar vart nytta til kyrkjeferda,

Då Heggjabygda og Sudstranda ved Hornindalsvatnet vart lagde til Eid kommune, vart igjen verande del av Hornindal for lite til å kunne oppretthaldast som eige prestegjeld. Biskop Juvkam i Bjørgvin kom då med forslag om at Innvik prestegjeld sine område på nordsida av fjorden skulle overførast til Hornindal prestegjeld og sokn. Kyrkja i indre Nordfjord støtta forslaget, under føresetnad av at det vart bygd ny kyrkje på Nordsida. Formannskapet i Stryn vedtok i februar 1969 å føre opp kyrkje på Nordsida, under føresetnad av at bygdelaga som sokna til kyrkja viste initiativ i saka ved t.d. å samle inn pengar og gaver. Ei planemnd samansett av Alv O. Bergset, Kåre Svanheim og Bjørg Ulvedal vart valt og 9. desember 1973 vart Nordsida kyrkje vigsla av biskop Juvkam.

NMS sin nye Gjenbruksbutikk

Nordfjord område av Norsk Misjonsselskap prøver nå å starte ein gjenbruksbutikk på Eid. Ein er framleis i planleggingsstadiet, men håpar å kunne åpne denne før sommarferien.

Elin Ytrehorn (leiar i Nordfjord område av NMS) presiserer at dette ikkje er loppemarknad, varene må vere heile og i orden. Ein tar med takk mot alle slags varer, med unntak av klede og sko, samt kvite- og brunevarer. Noko småelektrisk t.d. lampar kan ein ta imot, men ein må då ha ein funksjonalitetstest/-garanti.

Opningstid : 6 dagar / veke.

Stad: Almenningen 1 (tidl. Møbelrin-

gen på Eid) - har dette lokalet på hand.

Utfordring framover :

Skaffe nok personar som på frivilljug basis kan forplikte seg til å bidra med t.d. kundebehandling i butikken, prising av varer, reingjering, henting av varer (utfordrar her spesielt menn til å stille) m.m. Det vil alltid vere 2 personar på jobb, oppdelt i formiddags- og ettermiddagsøktar (dvs. 4 personar pr. dag). Ein treng ca. 40 frivilljuge medarbeidarar for å kunne starte opp.

Interesserte vert bedne om å kontakte leiar i interimstyret, Karin Nordvik på Eid, tlf. 57 86 15 84 / mobil 906 56 466 eller e-post: khnordvi@online.no

Kyrkjeleg statistikk for 2013

Då det redaksjonelle arbeidet for KK nr 1 vart avslutta, var ikkje all statistikk ferdig utarbeidd. Vi kjem tilbake med statistikken for 2013 i neste nummer av Kyrjeklokka.



Intervju med nye presten i Stryn prestegjeld Knut Gjengedal

- Marie Johanne Folven -

- Vi såg i den førre Kyrkjeklokka at du har familie med 3 vaksne born. Og vi har møtt kona di, Solbjørg, ved innsetjinga. Kva betyr familien for deg? Fortel litt meir om familien din.

Ja, som sagt så er eg gift, har vore det i 27 år. Eg treffe Solbjørg i Volda då ho studerte på lærarhøgskulen og eg framleis var student i Stavan-ger. Ho betyr svært mykje for meg, er ikkje berre kona mi, men min beste venn som deler det meste med meg. Ho er ei god støtte også i det åndelege og vert sikkert med i ulike samanhengar her i Stryn. Vi har tre born, Maria studerar psykologi, David er maskinist i Nordsjøen og Benjamin er på Frekhaug Folkehøgskule dette året.

- Etter eit par månader har du fått ein liten "smak" av Stryn. Kva er førsteinntrykket av arbeidet som prest her?

Eg fekk ein liten forsmak på eit møte før eg begynte, at eg var veldig velkommen og godt teken i mot. Eg har nordfjordblod i årane og har alltid likt lynnet til nordfjordingen. Her er mange frivillige medarbeidarar og mange ressurspersonar i kyrkja. I tillegg har eg eit godt arbeidsteam her på kommunesenteret. At det er tilsett både kateket og kyrkjelydspedagog var viktig for meg, det gjer at ansvaret vert fordelt på fleire.

- Korleis har pendlinga til Stryn vore?

Det er så flotte vegar så det er berre avslappande. Eg har fri måndag, og kontordagar her tysdag, onsdag og torsdag. Fredag tek eg kontordag heime. Så er eg til gudsteneste på søndagane. Det

har ikkje vore slitande, så vi blir nok buande i Volda inntil vidare.

- Den nye liturgimusikken til Tore Aas er blitt innført her. Kva meiner du om endringane i kyrkjeleg liturgi som er gjennomført siste åra?

Det er veldig berikande å fornye liturgien, og eg likar godt Tore Aas sine melodiar. Vi har hatt det same no i fleire tiår og treng litt forandring. Men kyrkjelydane treng litt tid for å få det på innsida. Dette er ei prøveordning, men eg synest musikken er fin.

- Vi høyrer at du har ei god songstemme og at du spelar piano. Kan vi rekne med å få høyre deg i andre samanhengar enn i kyrkja med song og spel?

Eg har alt vore på Betania, og det kan nok bli litt av kvart i det frivillige, Ten Sing og kanskje i kor etter kvart. Men eg må passe på å ikkje binde meg til for mykje, men vere med å bidra og inspirere i det arbeidet som allereie eksisterer.



Knut og Solbjørg Gjengedal saman med prost Rolf Schanke Eikum (t.h) under innsetjinga som sokneprest i Stryn

- Kva har forma Gudsiletet ditt?

Tilhøvet til min jordiske far og farfar har nok vore avgjerande. Desse er positive, og då er det ikkje vanskeleg å kalle Gud for far. Jesus har sjølv lært oss å be til Vår Far i himmelen. I motsett fall kunne det ført til stor turbulens i Gudsiletet, dersom far er fråverande, avvisande eller til og med valdeleg. Ein Gud som elsker oss for alt vi er og ikkje på grunn av det vi gjer, har blitt meir framme i forkynninga dei siste 10-15 åra. Og det er avgjerande for å få eit rett bilete av Gud som vår kjærlege far.

- Kva gjer vårt Gudsilete med biletet vi har av oss sjølve?

Vi kan slappe av, senke skuldrene og berre vere Guds barn. Vi er veldig aktivitetorientert som kristne, men det er ikkje avgjerande. Vi kan ta oss fri frå aktivitetane og berre vere til. Gud er like glad i oss for det. Som ein har sagt: "Nåde er Guds ufortjente godhet, gitt med et smil."

- Har du kjennskap og røynsle med kristen meditasjon?

Eg har ikkje vore på så mange retreatsenter, men på Holmely har eg vore. Det er ein nydeleg stad, flott atmosfære. Då eg jobba i Normisjon var eg der på felles stabsmøte på tvers av fylkesgrensene. Der fekk vi åndeleg påfyll i stille omgivnader slik Jesus oppmodar læresveinane sine: Kom med meg til ein stille stad og kvil dykk. I vår tid treng

vi desse oasane, der vi berre kan vere. Jesusmeditasjon gjev fokus på Jesus, det applauderar eg.

- Vår tid har mange tilbod av åndsretningar og åndelege rettleiarar. Kvar ligg skilnaden mellom desse og den kristne kyrkja si rettleiing?

Eg har studert nyreligiøsitet og følgd med på denne utviklinga. Det er mange alternativ som byr seg fram, men spørsmålet er om alt er like bra. Det trur eg ikkje. Det er fint at folk er opne for den åndelege dimensjon og vi må ta folk sin religiøse lengsel på alvor. Som kristne har vi funne Vegen, Sanninga og Livet, som er Jesus. Rettleiinga må alltid gå ut frå Guds ord og forankrast der. Når vi bed for sjuke, så er det Gud som skal ærast og ikkje den som bed.

- Vi kjenner til at du har røynsle frå organisasjonslivet tidlegare. Kva er grunnen til at du vart prest i Den Norske Kyrkja?

Eg vart utdanna som prest på 1980-talet, og har praktisert berre dei to siste åra. Dette har vore ein prosess som har modnast fram. Å forkynne den glade budskapet har alltid betydd veldig mykje for meg, det får eg godt høve til no. Som prest møter eg alle grupper av menneske, unge som eldre, i alle livssituasjonar. Det gjev ei mykje større kontaktflate enn i organisasjonane. At eg kan vere til hjelp for folk i sorg og krise, er viktig og meningsfullt.

- Korleis trur du at du kan bruke den røynsla du har i kyrkjelydane våre?

Eg er glad for at det ikkje er eg som skal bygge kyrkjelydane, det er det berre Jesus som kan. Men eg vil vere med å inspirere slik at kvar kan finne sin plass i kyrkjelyden. Eg må finne min plass og ikkje bli for dominerande. I alle samanhengar er der nokon som ventar på å bli utfordra og få oppgåver, andre kan

trengje ein pause. Eg er også kalla til å utruste dei truande til teneste. Med røynsle frå ulike felt har eg møtt mange typar menneske, og det viktigaste er å møte menneske.

- Har du hobbyar, fritidsinteresser?

Song og musikk, gå på fjellet og trene litt, fotball og sport på tv. For tida har eg ansvar for Alpha-kurs i Volda.

- Kva brenn du for som menneske og særleg som prest?

Å sjå at menneske kjem til tru på Gud er det største som kan skje. Å sjå at nokon blir helbreda er veldig sterkt. Når ein finn fred med Gud, seg sjølv og sine medmenneske, fred med naturen og skaparverket, då vert det fred på jorda.

Kyrkjeklokka takkar for intervjuet og ynskjer presten lukke til i arbeidet som sokneprest i Stryn.

forts. frå side 15

17. mai; fortset Laurdag, grunnlovsdag – Luk 1, 1-8

Innvik 11:30 Festgudsteneste. Ved Harald Runde

-Hornindal 12:00 Festgudsteneste. Ved Sigurd Stige

-Loen 13:00 Festgudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Utvik 13:00 Festgudsteneste. Ved Harald Runde

-Randabygd 13:00 Festgudsteneste

25. mai; 6. s i påsketida – Luk 18, 1-8

-Oppstryn 11:00 Konfirmasjon. Ved Knut Gjengedal

-Ljosheim 11:00 Sportsgudsteneste. Lek

-Nordsida 11:00 Konfirmasjon. Ved Sigurd Stige og Beate Nes

29. mai; Kristi himmelfartsdag – Mark 16, 19-20

-Nedstryn 10:00 Konfirmasjon 1. Ved Knut Gjengedal

-Hornindal 10:00 Konfirmasjon 1. Ved

Beate Nes og Sigurd Stige

-Hornindal 12:30 Konfirmasjon 2. Ved Beate Nes og Sigurd Stige

-Innvik 11:00 Konfirmasjon. Ved Harald Runde

-Loen 12:30 Konfirmasjon. Ved Knut Gjengedal

01. juni; Søndag før pinse – Joh 15, 26-27

-Nedstryn 11:00 Konfirmasjon 2. Ved Knut Gjengedal

-Olden 11:00 Konfirmasjon. Ved Harald Runde

-Randabygd 11:00 Konfirmasjon. Ved Sigurd Stige

-Oppstryn 16:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

08. juni; Pinsedag – Joh 15, 26-27

-Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Utvik 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde

-Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Jon Ytrehorn

09. juni; 2. pinsedag – Joh 16, 5-11

-Bergsetnausta, Nordsida 12:00 Naustmesse

15. juni; Treeiningssundag – Matt 28, 16-20

-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

-Loen 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

22. juni; 2. s i treeiningstida – Matt 3, 11-12

-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Sundshaugen, Olden 14:00 Friluftsgudsteneste. Ved Harald Runde

-Nedstryn 16:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Innvik 16:00 Friluftsgudsteneste på den gamle kyrkjetomta på Hilde, der stavkyrkja stod. Ved Harald Runde

Salmen min

- Svein Sindre -

Kom, Frelsar, kom inn

Kom, Frelsar, kom inn
og lys du din fred i vårt hjarta og sinn!

Ja, tolk med din kjærleik det levande ord,
så vert denne staden ein himmel på jord!
Då livet til kvardags får helgedagsskrud
i møte med Gud.

Set hjarta i brann!

Å, lat meg får kjenna di trufaste hand!

Ja, kom med di fredshelsing stille og varm,
og lat meg få setja meg innved din barm!

Om kring oss det stormar då aldri så vilt,
hå deg er det stilt.

Å herlege stund
når alt som vil stengja, vert rive i sund,
når du kjem deg inn gjennom attstengde dør
og gjerer oss glad som du gjorde før.

For føtene dine vi stille sit ned
i hugnad og fred.

Det levande ord
som gjev oss dei fagraste stunder på jord.

Å, tal du det ord så kvar tvilar må sjå
at du kan i mellom oss levande gå!
Så lat du oss kjenna med eldhug og brann
di frelsande hand!

Mitt val av salme var ikkje vanskeleg. Det måtte bli Kom Frelsar, kom inn med tekst av Mathias Orheim. Denne salmen har eg ikkje kjent til fullnad før Solveig, kona mi, hjelpte meg med å ta ut Orheim salmar til ein CD eg fekk gleda av å vere med på. Frå då av har han vore favorittsalmen min. Som dei aller fleste Orheim-salmar har teksten lite overflødige ord. Alt er fullt av innhald. Kan det tenkjast ein betre måte å kombinere ei bøn og ein invitasjon på? Neppe. Tru, tryggleik og glede strøymar sterkt ut frå kvar einaste formulering. Berre stogg ved einkilde sekvensar ned gjennom teksten som t.d. «*lys du din fred i vårt hjarta og sinn*», «*livet til kvardags får helgedagsskrud*», «*at du kan i mellom oss levande gå*», «*kjenna med elskhug brann di frelsande hand*». Ja, berre prøv! Lat orda få tak - og sige inn. Tenk så over kva du legg i dei. Truleg vil du oppdage kor djupt denn e teksten når. Ludvig M. Lindeman sin melodi er sjølv sagt med å løfte tekst og innhald mot store høgder. Melodien er komponert i 1862 til «Opp, jublende sang». Truleg skjedde dette i samband med at salmen skulle med i Landstads salmebok som kom ut nokre få år etter. I dag finn vi han på nr 638 i Norsk salmebok. Sjølv sagt kjende Matias Orheim ikkje berre melodien, men også teksten. Har han fått inspirasjon til Kom, Frelsar, kom inn av «Opp, jublende sang»? Om så er, har Orheim heilt og fullt skapt sin eigen salme. Vers 2 av salmen lyder slik:

Å gledelig dag

da Jesus gikk under mitt syndige tak!
Nå fyller en grenseløs glede min sjel,
for Jesus er selv blitt mitt hjerte til del.

Hva uforskyldt ære! Nå hilser jeg deg:
Velkommen til meg.

Får ikkje de som les dette mykje av same stemninga som Orheim sin salme gjev dykk? For meg er veraset ovanfor liksom ei «klipping og miksing» av ...*herlege stund med levande ord og hjarta i brann der du kan i mellom oss levande gå*... og elles mykje av teksten vidare.

Matias og Marie Orheim hadde bede Gud om å få gå bort i lag, og Matias hadde hevda at dei ville bli bønheyrde. 20. april 1958 døydde han av hjerneslag. Kreftsjuke Marie gjekk inn i døden få timar seinare. Gravferdsdagen, 26.april, song dei Kom, Frelsar, kom inn ved markeringa i heimen før kistene vart førde til kyrkja.



Eg utfordrar min tidlegare kollega ved Hornindal skule, Ragnhild Lødøen, til å skrive om sin salme til neste nummer av Kyrkjeklokka.

Oddny under open himmel

Vegar til tru

Les vi kristen litteratur i blad og bøker, så finn vi forteljingar om korleis personar møtte Jesus og fekk tru. Denne vegen kan vere kort eller lang, bein eller krokut. Filip møtte Natanael og sa til han: Vi har funne Jesus. Kom og sjå! Vi får neppe sjå Jesus med augo våre, men slepper vi han inn i hjartet vårt, ser vi annaleis på vårt eige liv, og vi møter tilgjeving, ein nåde, som gjev oss fred, framtid og håp.

Eit barn vert bore til dåpen. I den handlinga vert barnet gjeve til Jesus. Foreldra, fadrar og kyrkjelyden tek på seg oppgåver og ansvar så barnet kan verte verande i dåpspakta. Dette skulle vere den naturlege vegen. Men det viser seg at mange forlet trua eller kjem på avstand.

Ei kvinne som var komen på avstand, men fann tilbake, fortalde det slik: «Eg tok ei avgjerd. Eg ville gjere opp mi sak med Gud. Det som skjedde då, kom til å totalt endre livet mitt. Eg hadde bede ei enkel bøn: Kjære Gud, alt i livet skuffer meg, no er du det einaste eg har. Eg kjem til deg for å be om tilgjeving for at eg har vore på veg bort frå

deg. Då kom Guds Ande over meg. Eg kunne «sjå» Jesus og vart fylt med kjærleik, glede og fred.»

Ein ungdom vart med på ein russeturne for å samle inn pengar til eit prosjekt. Inntekta skulle dei få ved å plante skog. Dei hadde med seg ein leiar som tok seg av kveldssamlingar. Dei budde i eit gammalt skulehus. På loftet bak bord og benker låg leiaren. Elevane låg i klasseromma. Ungdomen fekk ikkje sove. Han hadde ufred i seg. Til slutt stiltra han seg opp på loftet og kraup bortover golvet til leiaren. Han måtte få snakke med han. I natteti- mane tok han ei avgjerd. Han ville vere eit Guds barn. Og livet vidare førte han inn i prestetenesta.


Neste glimt er frå eit anna land, Ukraina. Mange barn og ungdomar der har møtt omsorgsvikt. Ein gut i 6. klasse vart henta ut av klasserommet av eit politi. Sidan var det ut og inn av institusjonar og fengsel. Ein dag fekk han eit NT frå Bibelselskapet. Han vart glad for då hadde han papir til å rulle røyk med. Han brukte dei første sidene, men så byrja han å lese. Då han kom til

—
Av
Oddny
Torheim
—



23. kapittelet i Lukasevangeliet, las han om røvaren på korset som vart tilgjeven av Jesus. Då forstod han at der var håp for han også. Han tok ei avgjerd, og etter kvart kunne han rette ryggen og leve livet vidare i tilgjevinga si kraft. Dette førte han tilbake til samfunnet. No er han leiar for ein kyrkjelyd.

Til slutt siterer eg kulturministeren vår: «Jeg ser på troen som en gave jeg har fått, og som jeg har valgt å ta imot.»



Alle står vi over for eit val. Du sjølv lyt avgjere din veg.

Meld deg inn i bønnettverket for Den norsk kyrkje

Gå inn på <http://www.kirken.be> under "Bli oppdatert".

Då vil du få bønne-e-post 1 – 2 gonger i månaden og bønneblad fritt tilsendt vår og haust, eller ein av delane etter eige ønske.

I bønnebladet og i bønne-e-postane som kjem til deg, vil det stå konkrete bønneemne.

I bønnebladet vert det gitt ut ein halvårs kallendar som viser kva som skjer av møte i kyrkjelege organ, i



regjering og andre viktige offentlege organ.

Kallendaren er fin å bruke til eige bønneliv.

Leiar i bønnettverket er
Jo Hedeberg.



Slekt skal følge slekters gang



Utvik

Døde:

13/12/13 Randi Folven, f. 1955.

Innvik

Døpte:

20/10/13 Aleksandra Grinvalde Varpe. For.: Ivar Varpe og Kristine Grinvalde.

Døde:

14/11/13 Atle Dragesæt, f. 1937.

Olden

Døpte:

29/7/13 Signe Bråtveit. For.: Jon Bråtveit og Reidun Aabrekk Bråtveit.

29/7/13 Olai Badu Kwaasi – Eide. For.: Oddvar Eide og Amma Odeibe Kwaasi.

10/11/13 Jonas Refsnæs Garlid. For.: Thomas Torsvik Garlid og Tale Heggelien Refsnæs.

01/12/13 Oline Åsnes Skarstein. For.: John Andreas Skarstein og Silje Åsnes Skarstein.

26/01/13 Ina Madelen Lyslo Kvamme. For.: Jørn Andre Kvamme og Anne Lyslo.

Døde:

25/12/13 Åsmund Tonning, f. 1934.

05/01/14 Hjørdis Asgerd Agjeld, f. 1920.

Hornindal

Døpte:

26/1 Elling Tomasgard. For. Marianne Hovden Tomasgard og Sebjørn Tomasgard

16/2 Leonora Kobberstad. For. Henriette Kobberstad

Døde:

12/11 Jon P. Storevik f. 1922

6/12 Ingrid Sætren f. 1921

23/12 Lina Astrid Gausemel f. 1920

Nordsida

Døpte:

24/11 Ole Matias Aarøen Haugen. For. Bjørg Anita Aarøen og Jon Ingemoen Haugen

Døde:

16/11 Trude Silje Ulvedal f. 1977

24/12 Jon Roset f. 1925

24/12 Sigbjørn Havradalen f. 1938

5/2 Arne Roset f. 1944

10/2 Ragnhild Sølvberg f. 1931

Randabygd

Døpte:

19/1 Leon Lykkebø. For. Katrine Tvinnereim og Tommy Lykkebø

Loen

Vigde:

17/8 May Helen Gjengedal og Jostein Hauge Hellebust

14/9 Adelina Soco Velayo og Frode Oppheim

14/9 Barbro Hatløy og Inge Johannes Vik

Døde:

16/1 Kolbein Strand f. 1924

Oppstryn

Døpte:

10/11 Victoria Lunde. For. Rosmari og Edgar Lunde

24/11 Josefine Rosenvinge-Berge. For. Tine Camilla Rosenvinge og Roar Berge

24/11 Per Riise Berge. For. Elin Merete og Hans Petter Riise Berge

2/2 Siri Brekke Flo. For. Jorill

Olaug Brekke og Svein Erik Flo

2/2 Timian Nathaniel Aahjem.

For. Tomine Marie Vassbotn og Terje Aahjem

Døde :

22/11 Reidar Johan Bolstad f. 1932

14/12 Solveig Flo f. 1921

27/12 Dorteia Henden f. 1915

Nedstryn

Døpte:

3/11 Josefine Blaallid Karadas. For. Henriette Blaallid og Jan Azar Skipenes Karadas. Døpt i Eid kyrkje

17/11 Henrik Dispen. For. Anne Helene Stigen Sørhagen og Henning Frode Dispen

17/11 Martine Eikenæs Gausemel. For. Hilde Andrine Eikenæs og Rasmus Gausemel

1/12 Christina og Nicholas Almenning Daae Lampe. For. Evy-Helen Almenning Daae Lampe og Claus Daae Lampe

1/12 Kristianna Haugen Vinsrygg. For. Grete Haugen Vinsrygg og John Jatgeir Vinsrygg

1/1 Emmelina Olesen Nesje. For. Sofie Kristina Olesen Nesje og Sondre Nesje

23/2 Andreas Gjerde Sandal. For. Linn Katrin Gjerde og Arne Birger Bøe Sandal

Vigde:

28/9 Elise Hatledal og Vegard Kjerstad

21/12 Gry Merete Sørebo og Øyvind Hopland

Døde:

2/11 Rolv Audun Solvik f. 1919

26/11 Audun Arne Myklebust f. 1918

14/12 Arne Johan Nedreberg f. 1933

14/12 Petra Alvdís Storevik f. 1924

27/12 Jens Inge Vonheim f. 1943

2/1 Dagmar Vik f. 1934

10/1 Per Blaallid f. 1957

16/1 Dagfrid Sandbakk f. 1924



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

16. mars; 2. s i fastetida – Matt 15, 21-28
-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal. Kyrkjelyden sin årsfest med soknemøte etter gudstenesta
-Nordsida 11:00 Karnevalsgudsteneste. Ved Beate Nes
-Innvik 16:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

17. mars; Måndag
-Solvang, Olden 19:30 Kyrkjelyden sin årsfest med soknemøte

23. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 26-38
-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal. Tårnagentane deltek
-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Tårnagentane deltek
-Utvik 16:00 Gudsteneste. V/ H. Runde
-Hornindal 16:00 Konsert med Steinar Engelbrektson

30. mars; 3 s i fastetida – Luk 11, 14-28
-Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal. Tårnagentane deltek
-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Utdeling av 6 årsbok
-Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Tårnagentane deltek

03. april; Torsdag
-Nordsida 20:00 Ung messe med framsyninga Marias påske. Ved Knut Gjengedal og Beate Nes

04. april; Fredag
-Olden 20:00 Ung messe med framsyninga Marias påske. Ved Harald Runde og Beate Nes

06. april; 4. s i fastetida – Joh 11, 45-53
-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Olav Sigurd Gundersen
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Misjonsdag. Ved Harald Runde og Beate Nes. Utde-

ling av 6 årsbok
-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Kyrkje-
helg for funksjonshemma. Kyrjekaffi
13. april; Palmesøndag – Joh 12, 12-24
-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Utdeling av 6 årsbok
-Ljosheim 20:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

17. april; Skjærtorsdag – Matt 26, 17-30
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudstene-
ste. Ved Knut Gjengedal
-Bruasetra, Hornindal 12:00 Frilufts-
gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn
-Oppstryn 20:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Nordsida 20:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige

18. april; Langfredag – IV Joh 18, 1-19,42
-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige
Olden 20:00 Gudsteneste. Ved Trond Hardeng

20. april; Påskedag – Luk 24, 1-9
-Nedstryn 09:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Oppstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde
-Randabygd 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Sigurd Stige
-Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Jon Ytrehorn

21. april; 2. påskedag – Luk 24, 13-35
-Loen 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal

-Innvik 11:00 Høgtidsgudsteneste. Ved Harald Runde
-Nordsida kl.11. Høgtidsgudsteneste. Ved Sigurd Stige.

27. april; 2. s i påsketida – Joh 21, 1-4
-Nedstryn 11:00 Familiegudsteneste. Ved Sigurd Stige
-Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

04. mai; 3. s i påsketida – Joh 10, 11-18
-Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

08. mai; Torsdag
- Nedstryn 20:00 Samtalegudsteneste for konfirmantane i Randabygd, Nord-
sida, Oppstryn og Nedstryn. Ved Knut Gjengdal og Beate Nes

09. mai; Fredag
- Utvik 20:00 Samtalegudsteneste for konfirmantane i Loen, Olden, Innvik og Utvik. Ved Harald Runde og Beate Nes

11. mai; 4. s i påsketida – Joh 16, 16-22
-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Hornindal 20:00 Samtalegudsteneste. Ved Beate Nes

17. mai; Laurdag, grunnlovsdag – Luk 1, 1-8
-Nedstryn 09:30 Festgudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Nordsida 10:30 Festgudsteneste. Ved Sigurd Stige
-Oppstryn 11:00 Festgudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Festgudsteneste. Ved lek gudstenesteleiar

forts. side 11

Frivillegprisen 2013

Tekst: Elsa A. Ommedal. Foto: Oddvar Almenning.

Odd Nygård vart på kyrkjedagen for Nordfjord 9. november 2013 tildelt

Nordfjord prostiråd sin frivillegpris. Kriterium for tildeling av prisen er bl.a. trufast teneste og/eller kreativ nyskaping og prisen vert kvart år gjeve til frivillig medarbeidar innan kyrkjeleg verksemd i Nordfjord prosti.



Odd Nygård med frivillegprisen 2013. Eit diplom laga av kunstnaren Kjell Stig Amdam.

2013 var Ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. Prostirådet vedtok derfor å tildele Frivillegprisen 2013 til Odd Nygård for hans store engasjement over mange år for og med ungdom. Bl.a. har han vore samanhengande leiar og primus motor for TenSing koret Sight-Sing i Stryn i meir enn 20 år, eit kor på mellom 30-80 medlemmar som rekrutterer ungdomar frå både Stryn og

nabobygdene. Han har vore leiar for lokalkomiteen når Vintertreffet skulle arrangerast. I ungdomsåret 2013 var vintertreffet i Stryn det største ungdomsarrangementet i Nordfjord med

over 200 ungdomar.

Han har også vore nær knytt til KFUK/ KFUM i Nordfjord og leirstaden Nesholmen.

Odd Nygård har lagt vekt på å lære opp og motivere ungdomane til sjølv å ta ansvar og gjere tiltak for å få til eit miljø der dei også kan utvikle seg. Han oppfordrar ungdomane til å delta i kristne arrangement, der dei kan treffe andre ungdomar og få eit

fellesskap dei ikkje kan få via kunstige nettverk som facebook o.l. Ved å tildele Odd Nygård frivillegprisen 2013 ynskte Nordfjord prostiråd å synleggjere at det kristne ungdomsarbeidet er viktig, samstundes som ein ville gje oppmuntring og vise at ein set pris på det kristne ungdomsarbeidet som Odd og mange med han har stått i og framleis står i.

»Grøne prostikontakter» i Nordfjord

Kyrkjemøtet 2012 kom med konkrete utfordringar til bispedømeråda, fellesråda og kyrkjelydane landet over til å stå fram med eit sterkare engasjement for vern om skaparverket, herunder spørsmålet om forbruk og rettferd. Bjørgvin Bispedømeråd har følgd opp ved å be prosten peike ut såkalla »Grøne prostikontakter» i kvart prosti.

I Nordfjord har prost Rolf Schanke Eikum peika ut Jon Ytrehorn, Hornindal, som representant for prestane og Kristen Hundeide, kyrkjeverje på Nordfjordeid, som representant for kyrkjeleg tilsette. Oppgåvene til prostikontaktene er todelte:

1: Å inspirere sokneråd og kyrkjeleg tilsette til konkrete tiltak på lokalplanet som kan styrkje arbeidet for vern om skaparverket og oppmode til ansvarleg forbruk. Døme: »Grøne kyrkjelydar.»

2:: Å ta initiativ til fellesprosjekt i prostiet i form av aksjonar og tiltak som kyrkjelydar, lag, foreiningar og einskildpersonar kan slutte opp om.

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca 26. juni. Redaktør vert Anna Marie Skogli Vatnamo. Stoff kan sendast på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 30. mai.